

## "Hoi, hoi, hoi" ropte Rotarypresidentent då han såg kva som stod på sjekken



Sjølv om det regna og blåste godt denne ettermiddag, var det fleire turfolk ute og gjekk langs stien. Frå venstre: Bjørn Teigene, Hanne Rognan, Lillian Kleven Breivik, Oskar Grimstad og Sverre Jarl Ulstein.

Måndag ettermiddag overraska banksjef Lillian Kleven Breivik i Sparebank 1 Søre Sunnmøre ein glad gjeng i Hareid Rotary. President Oskar Grimstad, dei to tidlegare presidentane Bjørn Teigene og Sverre Jarl Ulstein og kasserar Hanne Rognan møtte opp på Rotarystien for å ta imot 10 000 kroner til prosjektet sitt med å få lys på Rotarystien. Men då forsamlinga kom fram til gapahuken og banksjefen viste fram at det stod 100 000 kroner på sjekken, då ropte dei ut ut i glede. Dette var over all forventning.

Breivik rosa Hareid Rotary for eit veldig godt prosjekt. Ho såg at dette er noko som kjem veldig mange til gode, ja faktisk alle som vil kan gå på denne stien. Dette er eit lågterskeltilbod, og ved å få lys på stien kan han også takast i bruk når det er mørkt.

Banksjefen hadde også lagt merke til kor mange som engasjerer seg i denne saka. Det er oppretta ein Spleis på nettet, og det har kome inn bidrag frå åtti ulike aktørar. Kasserar Rognan vil rette ein stor takk til alle som har bidrege, det er bedrifter i både Ulstein og Hareid, lag og organisasjonar og privatpersonar. Så det er er veldig kjekt å sjå.

- Dette er heilt fantastisk, takka Oskar Grimstad.

Sverre Jarl Ulstein sa at bidraget frå Sparebank1 gjer at han no kan bestille lysa. Han kan ikkje love når lysa har kome på plass, men dei skal i alle fall vere det før hausten kjem.